

Forskrift om skule- og feriedagar 2026-2027, Vang kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av kommunalsjef for utdanning og kultur i Vang kommune [dato] med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva for skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2026-2027. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette dagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved Vang barne- og ungdomsskule i Vang kommune skuleåret 2026-2027.

§ 2. Tabell for skule- og feriedagar 2026-2027

Dato	Talet på skuledagar	Ferie/fri/merknad
August	11	17. august 2026, første skuledag
September	22	
Oktober	17	5. - 9. oktober 2026 (veke 41), haustferie
November	20	27. november 2026, elevfri
Desember	14	21. desember 2026, første feriedag i juleferie
Januar	20	4. januar 2027, første skuledag etter juleferie
Februar	15	22. -26. februar 2027 (veke 8), vinterferie
Mars	17	22. mars – 29. mars 2027, påskeferie
April	22	
Mai	18	6. mai 2027, høgtidsdag 7. mai 2027, elevfri 17. mai 2027, høgtidsdag
Juni	14	18. juni 2027, siste skuledag
Sum skuledagar	190	

§ 3. Iverksetting

Forskrifta trer i kraft 1. august 2026.

§ 4. Opphøyr

Forskrifta gjeld fram til 31. juli 2027.